

Referat frå styremøte nr. 2-2022

Dato: 25.03.22

Tid: kl. 10.00-12.00

Stad: United Future Lab Norway på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund

Til stades frå styret:

Ved fysisk frammøte:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)

Styremedlem Monica Molvær (politikar i Ålesund kommune)

Digitalt via Teams:

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

1. vara Lena Landsverk Sande (ordfører i Vanylven kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Andre:

Divisjonssjef Nettforvalter i Mørenett Runar Tandstad (sak 12/22)

Adm. direktør i Mørenett Runar Kiperberg (sak 12/22)

Leiar for Ålesund fengsel Frode Johansen (13/22)

Referent:

Vegard Austnes

Sak 10/22: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Innkallinga vart godkjend.

Saker til eventuelt var:

1. Teams-møtet 22. mars om flyktningkrise som følgje av krigen i Ukraina
2. Prisvekst på råvarer m.m. som følgje av krigen i Ukraina

Sak 11/22: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 1-2022 (21.01.22)

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Møterefateret vart godkjend.

Sak 12/22: Kapasitetsbegrensinger i sentral og regionalnettet

Ved divisjonssjef Nettforvalter Runar Tandstad og adm. direktør Runar Kiperberg i Mørenett AS

Kraftforsyning er eit dagsaktuelt tema. Per i dag er det bra balanse mellom produksjon og forbruk på Sunnmøre. Kraftforsyninga må planleggast i høve til at produksjonen ikkje skjer i parallell tid med forbruket. Distribusjon er ei større utfordring enn produksjon.

Kraftforsyninga må ta høgde for ei aktiv og kraftkrevjande næringsutvikling i framtida. Det er behov for fleksibel forsyning og traseutvikling. Mørenett ønskte godt samarbeid med kommunane.

Styret konkluderte med at ein, eventuelt saman med The North West, vil ta initiativ til ein temadag om kraftforsyning, med fokus på kraftutbygging vs. vern av natur.

Sak 13/22: Presentasjon av prosjektet Sunnmøre soningscenter

Ved leiar for Ålesund fengsel Frode Johansen og dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd Jan Kåre Aurdal

Det er mangel på plass i Ålesund fengsel. Kriminalomsorga ønskjer å bygge eit nytt fengsel på Digerneset med 90-100 plassar. Prosjektet Sunnmøre soningscenter treff godt på nytenking. I styret vart det fremma forslag om at fengselet burde ha ei eiga kvinneavdeling.

Sunnmøre Regionråd vil ta initiativ til møte med justisministeren og leiaren for justiskomiteen på Stortinget om prosjektet.

Sak 14/22: Orientering om årsrekneskapen for 2021

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Resultatrekneskapen for 2021 viser eit underskot på kr. 1 181 294,-. Årsresultatet vert ført mot eigenkapitalen. Pr. 31.12.21 er eigenkapitalen kr. 205 058,-.

Underskotet kjem m.a. av for lite inntekter i prosjekta om skule- og barnehageutvikling og energiøkonomisering, samt auka kostnader til pensjon og arbeidsgivaravgift.

Styret kjem tilbake til saka i samband med handsaminga av årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 på styremøtet 20. mai 2022.

Sak 15/22: Orientering om representantskapsmøtet 9.-10. juni med tema samferdsel

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Leiaren av Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget er invitert til møtet. Det er førebels uvisst om han deltek. Møtet er førebels planlagt å finne stad i Vanylven kommune.

På styremøtet kom det eit alternativt forslag om å halde møtet i Stordal kommune.

Styret viste til at ein må kontakte leiaren av representantskapet vedkomande vidare planlegging av møtet.

Sak 16/22: Orientering om SR si deltaking på The North West 2022

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om at det 28. mars vert sendt ut invitasjon til The North West til ordførarane i deltarkommunane i Sunnmøre Regionråd.

Sak 17/22: Vidareføring av arbeidet med Eksportvegen (E-136) Ålesund-Dombås. Kva rolle skal Sunnmøre Regionråd ha i dette arbeidet/selskapet?

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Saka gjeld oppfølging av sak 6/22 på styremøte nr. 1-2022. Det er ikkje avklart om Ålesund kommune ønskjer at Sunnmøre Regionråd skal ha ei rolle i eit eventuelt AS. Alternative roller kan vere aksjonær og sekretariat.

Det var forslag i styret om å ta opp denne saka på representantskapsmøtet om samferdsel 9.-10. juni 2022.

Sak 18/22: Eventuelt

1. Teams-møtet 22. mars om flyktningkrise som følge av krigen i Ukraina

Rådgivar i Sunnmøre Regionråd Vegard Austnes orienterte om møtet

Som avtalt på representantskapsmøte nr. 1-2022 vart ordførarane kalla inn til eit samordningsmøte om flyktningssituasjonen i Ukraina. Møtet fann stad 22. mars. 11 kommunar deltok, og kvar av desse fortalde om status når det gjaldt busetting og kapasitet i tenesteyting. Felles utfordringar var m.a. spesialkompetanse når det gjeld helsetenester og språkkompetanse.

Utviklingrettleiar i Sunnmøre Regionråd Torunn Måseide heldt ein presentasjon som vart distribuert til ordførarane etter møtet.

2. Prisvekst på råvarer m.m. som følge av krigen i Ukraina

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune) innleia om saka

Auka råvareprisar gjer at kommunen får henvendingar frå leverandørar med førspurnad om å reforhandle kontraktar. Skal kommunane eller næringslivet kompenseras for prisveksten?

Det var forslag om å ta saka opp med KS då den gjeld alle kommunane.